

BYGLAND KOMMUNE – KONTROLLUTVALET

MØTEBOK

Møte nr. 03/15

Dato: Onsdag 14.10.2015 kl. 09.00-10.00

Stad: Kommunehuset, formannskapssalen

Tilstade:

Hallvard Lauvdal, leiar

Olav Lidtveit

Marit Taksdal

Sigmund Lien

Knut A. Austad (1. vara)

Åse Heistein hadde forfall

Dessutan møtte:

Konstituert revisjonssjef Tommy Pytten

Steinar Risinggård

Utvalssekretær Kjell Ivar Hommen

Det var ingen merknader til innkalling og saksliste.

Saksliste:

SAK 06/15 GODKJENNING AV MØTEBOK

SAK 07/15 KOMMUNEREKNESKAPEN FOR 2014, BYGLAND KOMMUNE

SAK 08/15 ASYLMOTTAK – GJENNOMGANG AV REVISOR

SAK 09/15 OPPSUMMERINGSNOTAT

Referatsaker:

R 02/15 Melding om uavhengnad frå revisor

R 03/15 Engasjementsbrev frå revisor

R 04/15 Protokoll frå Setesdal Revisjonsdistrikt IKS

R 05/15 Møtebøker frå styret i Agder Sekretariat

Eventuelt

Agder Sekretariat

Sekretariat for kontrollutvalg i Agder

Kvinesdal, 14.10.2015
Agder Sekretariat

Kjell Ivar Hommen
Utvalssekretær

Utskrift sendes: Kontrollutvalets medlemmer og 1. varamedlem, ordfører, rådmann, revisor,
Jorunn S. Tveiten og Setesdølen

Møtebok 14. oktober 2015

Bygland kontrollutval

SAK 06/15 GODKJENNING AV MØTEBOK

Samrøystes vedtak:

Møteboka frå møte 2. juni 2015 vert godkjend.

SAK 07/15 BUDSJETT FOR KONTROLL OG TILSYN 2016

Samrøystes vedtak:

- 1. Kontrollutvalet tilrår ein budsjetttramme for kontroll og tilsyn for 2016 på kr. 707 831.**
- 2. Kontrollutvalet sitt vedtak skal i medhald av § 18 i Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar følgje formannskapet si innstilling til kommunestyret.**

Saksutgreiing:

Sakshandsamar: Kjell Ivar Hommen

SAK 07/15 BUDSJETT FOR KONTROLL OG TILSYN 2016

Vedlegg:

1. Agder Sekretariat, styret – sak 06/15
2. Setesdal Revisjonsdistrikt IKS, revisjonssjefen sitt framlegg til budsjett for 2016.

Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet skal etter § 18 i forskrift om kontrollutval utarbeide forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. I merknadene heiter det at budsjettet skal omfatte både kontrollutvalets og revisjonens samla verksemd.

Kontrollutvalssekretariatets budsjettframlegg

Driftstilskotet skal dekke den normale aktiviteten i kontrollutvalet, frå sakshandsaming til utsending av innkallingar og utskrifter, samt arkivhald med meir. Styret i Agder Sekretariat handsama budsjettet i møte 2. september 2015 og legg i sitt budsjett opp til at driftstilskotet frå kvar av eigarkommunane vert kr 120.000 for 2016.

Kommunerevisjonens budsjettframlegg

Sekretariatet har motteke revisjonssjefen sitt framlegg til budsjett frå Setesdal Revisjonsdistrikt IKS for 2016.

Agder Sekretariat

Sekretariat for kontrollutvalg i Agder

Kontrollutvalet sine utgifter

Ifølge forskrifta skal utgifter til kontrollutvalets samla verksemd være ein del av budsjettet for kontroll og tilsyn. Som tidligare er det en eigen post i budsjettframlegget til dekning av utvalet sine utgifter. Dette gjelder bl.a. møtegodtgjering, reiseutgifter, kurs mm. Vidare gjer ein framlegg om å auke beløpet for Andre konsulenttenester til kr 70.000.

Budsjettframlegget:

Det framlagde budsjettframlegg for kontroll og tilsyn bygger på

- Førre års budsjetttramme
- Framlegg til budsjett for Setesdal Revisjonsdistrikt IKS for 2016
- Vedteke budsjett for Agder Sekretariat for 2016

	Budsjettframlegg 2016	Vedteke budsjett 2015	Vedteke budsjett 2014
Tilskot til revisjonsdistrikt	Kr. 487 831	Kr. 464 865	Kr 455 505
Kommunen sin del av sekretariatstenester	Kr 120 000	Kr. 117 000	Kr. 114 000
Kontrollutvalets utgifter :			
Møtegodtgjersle :m.m.	Kr 15.000	Kr 15.000	Kr 15.000
Kurs og andre utg.	Kr 15.000	Kr 15.000	Kr 15.000
Andre konsulenttenester	Kr 70.000	Kr 70.000	Kr 70.000
Totalbudsjett	Kr 707 831	Kr . 681 865	Kr. 669 505

Framlegg til vedtak:

1. Kontrollutvalet tilrår ein budsjetttramme for kontroll og tilsyn for 2016 på **kr. 707 831**.
2. Kontrollutvalet sitt vedtak skal i medhald av § 18 i Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar følgje formannskapet si innstilling til kommunestyret.

SAK 08/15 ASYLMOTTAK GJENNOMGANG AV REVISOR

Knut A. Austad ynskte er vurdering av om han var ugild i saka. Utvalet var samrøystes samd i at han ikkje var ugild.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek utgreiinga frå revisor til etterretning.

Agder Sekretariat

Sekretariat for kontrollutvalg i Agder

Vedlegg:

Notat frå Agder Sekretariat

Agder Sekretariat har laga ei kort oppsummering av kontrollutvalet sitt arbeid i denne valperioden basert på årsmeldingane for årene 2011-2014 samt dei saker som har vært handsama i 2015.

Forslag til vedtak:

Notatet vert teke til orientering.

Notatet vert lagt fram i første møte i nytt kontrollutval.

Referatsaker:

Desse sakene vart referert og teke til orientering: (R 02/15 og R 03/15 vert også referert i neste møte i nytt utval)

R 02/15 Melding om uavhengnad frå revisor

R 03/15 Engasjementsbrev frå revisor

R 04/15 Protokoll frå Setesdal Revisjonsdistrikt IKS

R 05/15 Møtebøker frå Agder sekretariat

Eventuelt